



Arkivnr: 2016/3311-13

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om status for arbeidet med regionreforma

Bakgrunn for saka:

Fylkesrådmannen/fylkesdirektør økonomi og organisasjon har tilbydd å gje informasjon til kontrollutvalet om status for arbeidet med regionreforma.

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har halde to felles møte der ein har diskutert kva rolle kontrollutvala skal ha i samband med samanslåinga av dei to fylkeskommunane.

I desse møta kom ein fram til at kontrollutvala må ha fokus på:

1. Val av revisor for fellesnemnda - Sak vedteke i fellesnemnda
2. Val av sekretariatsordning for ny fylkeskommune, skal handsamast i fellesnemnda 04.05.2018
3. Val av revisjonsordning for ny fylkeskommune, skal handsamast i begge kontrollutvala 04.06.18 og i fellesnemnda 22.06.2018
 - a. Eventuell sak om val av revisor kjem etter dette
4. Orientering om status for arbeidet med regionreforma med fokus på m.a.:
 - a. Kor langt er ein komen i arbeidet?
 - b. Korleis vert det sikra at det er tilstrekkelig fokus på internkontroll i planlegginga av ny fylkeskommune?
 - c. Korleis vert det sikra at det er tilstrekkelig fokus på internkontroll i noverande fylkeskommune
5. Rullering av plan for forvaltningsrevisjon
 - a. Prosessmøte i HFK 07.05.2018
 - b. Prosessmøte i SFJ 22.05.2018
 - c. Felles prosessmøte i video-konferanse mellom KUV i SFJ og HFK 04.06.2018

Drøfting:

På bakgrunn av punkt 4 over, og tilbud frå administrasjonen i Hordaland fylkeskommune, er det gjort avtale med fylkesrådmann om at han vil komme i dette møtet for å orientere om status for arbeidet med regionreforma.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt under fylkesrådmannen si orientering vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.